



## MØTEPROTOKOLL

**Utval: Temagruppe for kulturbygging i Nye Volda Kommune**

**Møtestad: Kommunehuset Smia, Hornindal**

**Dato: 28.08.2018**

**Tid: 16:00**

Faste medlemmar som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Reprenterer</b>
Odd Harald Sundal	Leiar	Fellesnemnda
Astrid Gjersdal	Medlem	Frivilligsentralen i Volda
Ola Bergset Ulvedal	Medlem	Hornindal Frivilligsentral
Sigurd Tverberg	Medlem	Volda Ungdomsråd
Anett Mari Bugjerde	Medlem	Ressursperson Hornindal

### **Venebenkane**

Hornindal sin vinnarbenk er uttrekt og premie er utdelt. Ventar på at snikkar skal bli klar for å utføre det. Vil truleg vere klar til å setje i gong i løpet av september.

Volda sin venebenk er utplukka og premie vil bli overrekt innan 14 dagar. Styrk tek seg av bygginga av benken for eit prisoverslag på 5000 kr.

### **Arrangementet**

Ballen har begynt å rulle. Samarbeidet med Rokken går seigt og det er vanskeleg med kommunikasjon med dei ansvarlege der. Sigurd gjev tilbakemelding dersom han ikkje har fått tilbakemelding innan 4. sept. Deretter vil det evt. bli halde eit møte der Odd Harald også deltek.

### **Utlysingstekst**

Joakim Rødven får overlevert utlysingsteksten for å kome med innspel om både innhald og strategi for publisering. Odd Harald tek kontakt med Joakim snarast.

Søknadane kan sendast på e-post til [frivilligsentralen@hornindal.kommune.no](mailto:frivilligsentralen@hornindal.kommune.no) eller [astrid.gjersdal@volda.kommune.no](mailto:astrid.gjersdal@volda.kommune.no)

Søknaden må innehalde:



- Samarbeidslag
- Kontaktperson
- Kontaktinfo
- Kontonummer
- Evt. orgnr.
- Kort beskriving av tiltak med enkelt kostnadsoverslag
- Søknadssum

Det vert deretter laga tilsegnsbrev til organisasjonane med frist for rapportering. Unyttå løyvde midlar vert krevd attende.